

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.03. 2013
Sakhandsamar: **Berit Bore**
Saka gjeld: **Årsmelding og årsrekneskap 2012**

Arkivsak
2012/480/
Styresak 040/13 B

Styremøte 10.04. 2013

Forslag til vedtak

1. Styret legg vedlagte årsrekneskap med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
2. Styret vedtar styrets årsmelding med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppsummering

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 565 016 580,73 kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 545 231 530,80 kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på netto 131 605 846,98 kroner, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt over- eller underskot, slik at den svarer til eigenkapitalen deira. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapen slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar viser eit overskot på 1 636 006 315,75 kroner. Ordinære avskrivingar utgjer 1 037 571 953,61 kroner og nedskriving av driftsmidlar utgjer 45 688 183,93.

Resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet var balanse for 2012. Styret har stilt krav om eit overskot på 231 900 000 kroner for føretaksgruppa samla.

Resultat i føretaka (heile millionar kroner):

Helse Bergen HF	209,6
Helse Stavanger HF	1,7
Helse Fonna HF	- 24,9
Helse Førde HF	- 54,8
Sjukehusapoteka Vest HF	7,9
Helse Vest IKT AS	11,8
Helse Vest RHF	413,7
Sum rekneskapsresultat i 2012	565,0

Resultat i føretaka (heile millionar kroner):

Resultatet frå føretaksgruppa er 333 millionar kroner betre enn resultatkravet som styret har stilt krav om.

Fakta

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om helseføretak.

I følgje §3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige for kvart år utarbeide årsrekneskap og årsmelding i samsvar med reglar i same lov. Årsrekneskapen og årsmeldinga skal skivast under av alle styremedlemmane og dagleg leiar.

Rekneskapen for føretaksgruppa skal byggje på dei konsoliderte føretaka sine rekneskapar og omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumanalyse og noter.

Følgjande føretak inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morselskapet Helse Vest RHF:

Helse Bergen HF
Helse Stavanger HF
Helse Fonna HF
Helse Førde HF
Sjukehusapoteka Vest HF
Helse Vest IKT AS

Konklusjon

Årsrekneskap med årsmelding for Helse Vest RHF – morselskap – og føretaksgruppe blir med dette lagt fram.

Det er nytta felles rekneskapsprinsipp og alle vesentlege interne transaksjonar er eliminerte.

Trykte vedlegg:

- 1 Vedlegg 1 - Konsernrekneskap med noter og kontantstraumoppstilling for Helse Vest
- 2 Vedlegg 2 - Årsmelding
- 3 Vedlegg 3 - Oppsummering frå revisjonen (blir ettersendt)

Utrykte vedlegg:

Årsrekneskap og årsmelding frå dotterføretaka